



Testpanelet i konsentrert arbeid!

Julebrusen er for lengst i butikkhyllene, og lørdag arrangerte Spar Uskedalen årets julebrustest. Eit testpanel på 7 personar gjekk grundig til verks då dei kåra årets vinnar. Vinnar blant dei 8 sortane som var med i testen, vart Hansa sin julebrus på 1,5 liters flaske.

Testpanelet bestod av Simon Taranger, Joakim Myklebust, Roberth Stensletten og Jan Tore Johnsen her frå Uskedalen, og dei tre hytteungdommane Emma, Liam og Inger Johanne. Det vart rapportert om at dei gjorde ein svært god jobb, og dei enda opp med følgjande resultatliste:

1. Hansa (1,5ltr)
2. Lillehammer(glasflaske)
3. Ringnes(0,5ltr)
4. Hansa(glasflaske)
5. Lerum(0,5ltr)
6. Lillehammer(0,5ltr)
7. Hansa(1,5ltr uten sukker)
8. Unil(1,5ltr)

Dette kan vere ei god rettesnor når vi skal handle julebrusen, og så vert det spennande å sjå om dei kjem fram til omtrent same resultat på andre julebrustestar no framover.



Testvinnaren!

Av: Thor Inge Døssland
Foto: Kjersti N. Børve.